

Voss kommune
Postboks 145
5701 Voss

Hordaland fylkeskommune, eigedomsavdeling
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vedr. Saknr. 16-00042 Dokumentnr. 16-00042-28

Dette brevet er godkjent elektronisk i Voss kommune og sendt deg gjennom SvarUt som er kommunane si felles løysing for digital utsending av dokument til innbyggjarar og næringsliv.

Til deg som mottek brevet på papir, veit du at du kan motta brev i innboksen din i Altinn, og at du då mottek brevet med det same det er ferdig?

Dersom du loggar deg inn på www.altinn.no og registrerer mobilnummer og epost, vil du motta varsel på sms og epost når Voss kommune sender brev til deg - og straks etter kunna lesa brevet i Altinn.

Med venleg helsing

Voss kommune



Hordaland fylkeskommune, eigedomsavdeling
Postboks 7900
5020 BERGEN

Tematilsyn 2016

Voss gymnas

Voss brannvern gjennomførte branntilsyn den 16.02.16 i ovannemnte objekt. Tilsynet vart gjennomført i medhald av lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13, 2. ledd og forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 18.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i forhold til krava i forskrift om brannførebygging og forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta).

Til stades ved tilsynet:

For brukar: Unn Fauskanger og Arild Een
For eigar: Inge Kålås og Stig Rogne
For tilsynsmyndighet: Harald Rongen og Geir Ove Pedersen

Innleiing

Hensikta med tilsynet var å vurdere om eigar/brukar ved objektet arbeider systematisk med branngleiken innanfor områda:

- Brannvernoplæring og øvingar - brukar
- Kontroll, ettersyn og vedlikehald av branntekniske installasjonar og utstyr - eigar

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapporter, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon for temaområdet.

Oppfølging etter siste gongs tilsyn

Førre branntilsyn vart avhalde: 04.03.15. Verksemda har meldt tilbake tiltak, i høve påpeika merknader.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Foretaksregisteret	Side
Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS	Uttrågata 9, Voss E-post postmottak@voss.kommune.no	56 51 94 00	960510542 Bankkonto 3201 46 70954	1 av 2

Avvik 1 2014 (eigar) ligg på eigar sin handlingsplan, i samband med totalrehabilitering av bygget.

Definisjonar:**Avvik:**

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Merknad:

Forhold som tilsynsmyndighetene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Kommentarar:

Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

Avvik og merknad

Det vart ikkje avdekkja avvik eller merknad i høve det som var tema for tilsynet dette året.

Andre tilhøve

Verksemda opplyser å ha gjennomgått risikovurdering, der det ikkje er avdekkja nye risikotilhøve.

Med helsing
Voss kommune
Brannvern

Geir Ove Pedersen

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur